



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Institutt for arkeologi,
historie, kultur- og
religionsvitenskap

Jobbnorge-ID: 132954

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førsteamanuensis i religionsvitenskap med spesialisering i islam

Ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR) er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis i religionsvitenskap.

Religionsvitenskap er det historiske og systematiske studiet av religion som eit kulturelt fenomen. Perspektivet er krysskulturelt og samanliknande, og omfattar både religionshistorie og eit systematisk studium av religion. Instituttet tilbyr undervisning og forskning innafor eit breitt spekter av religionar, med undervisning og rettleiing på bachelor-, master- og doktorgradsnivå. Det er for tida 10 faste vitenskaplege stillingar i religionsvitenskap ved instituttet.

Kvalifikasjonskrav og arbeidsoppgåver

Stillinga er knytt til studieprogrammet religionsvitenskap, og søkjarar vil bli vurdert med omsyn til sine bidrag til dette fagfeltet. Den som blir tilsett, må ha relevant forskingskompetanse i religionsvitenskap/religionshistorie tilsvarande norsk doktorgrad, med spesiell kompetanse innafor islam. Vedkommande må ha forskingskompetanse i minst eitt kjeldespråk som er relevant for studiet av islam. Ved vurderinga vil det bli lagt vekt på solid og brei kompetanse innafor religionsvitenskap. Forsking frå dei siste fem åra vil bli tillagt særleg vekt.

Stillinga omfattar undervisning, forskning, formidling og administrasjon. Søkjarane, må kunne undervise og rettleie på alle nivå i religionsvitenskap, og er forventa å undervise ikkje berre om islam, men og innan det systematiske og komparative studiet av religion, under dette også teori og metode.

Den som blir tilsett må være godt personleg eigna for stillinga, og samarbeidsevner, pågåande forskning og potensial til å styrke instituttet si faglege tyngde i åra framover blir derfor tillagt vekt. Røynsle i å hente inn eksternfinansiering av forskning vil og bli tillagt vekt.

Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som blir tilsett, vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing

Undervisnings- og administrasjonsspråket er til vanleg norsk. Den som blir tilsett, må kunne undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år frå tilsetjing. Det vil bli gitt tilbod om norskopplæring..

Tilsetjing i stillinga krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen og deltek i instituttet si drift. Det blir kravd at ein rettar seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Vi kan tilby:

- Løn etter lønssteg 60 (for tida: NOK 512 300,-) for førsteamanuensis (kode 1011/LR24) i statens regulativ, vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det bli aktuelt å vurdere høgare løn.
- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Kontaktinformasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få gjennom å ta kontakt med instituttleiar, professor Jan Heiret, per e-post jan.heiret@uib.no eller tlf. 55 58 97 62, eller fagkoordinator for religionsvitenskap, professor Istvan Keul, per e-post istvan.keul@uib.no eller tlf. 55 58 20 22.

Slik søker du på stillinga:

Søknaden skal sendast elektronisk innan oppgitt frist via lenke på denne sida «SØK STILLINGEN».

Dette må vere inkludert i søknaden:

1. Søknadsbrev
2. CV
3. Skanna versjon av originale eller attesterte kopiar av alle vitnemål frå universitet/høgskular
4. Informasjon om og dokumentasjon av pedagogisk innsats og kvalifikasjonar
5. Informasjon om og dokumentasjon av administrativ røynsle og anna tidlegare verksemd
6. Publikasjonsliste (som vedlegg)
7. Inntil 5 vitenskaplege arbeid som det skal takast omsyn til i vurderinga
8. Namn og kontaktinformasjon for tre referansepersonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format. Vitskaplege arbeid som ikkje er tilgjengelege i elektronisk form, skal sendast i tre eksemplar til Universitetet i Bergen, AHKR, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Aktuelle kandidatar blir kalla inn til intervju og prøveforelesing.

Spørsmål til den elektroniske søkeprosessen kan ein rette til fakadm@hf.uib.no.

Andre opplysningar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvolter.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsetjingsprosessen [her](#).

Søknadsfrist: 1. mars 2017
Søknaden skal merkast 16/13622

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: